

# HUGSELISTE FOR DÅPSGUDSTENESTE I FUSA

## FØR DÅPEN

- **Frammøte.** Møt i god tid, seinast 20 min før gudstenesta.
- **Plassering.** Det er reservert plass for dåpsfølgjet på dei fremste benkane på venstre sida (sett mot altaret) i kyrkja.
- **Barnestell.** Stell av barnet kan gjerast i dåpssakristiet, evt. på toalettet i kyrkja.
- **Oppstilling.** Når det vert ringt inn siste gongen (oml. 5 min før gudstenesta til) stiller foreldra med dåpsbarnet (og evt. søsken) ved inngangsdøra og gjer seg klar til inngangsprosesjon. Det kan avtalast med presten at eit større barn eller ein vaksen i dåpsfølgjet er med og ber kanna med dåpsvatn.
- **Inngangsprosesjon.** Når preludiet tek til går dåpsfølgjet inn i prosesjon. Følgjet set seg på reservert plass i benkane. Dåpskanna vert sett i døypefonten.
- **Salmebok og liturgi.** Salmebok og liturgihefte ligg på dei reserverte plassane. Ein kan og få dei ved inngangen. Følg med og ta del i songen og liturgien!

## VED DÅPEN

Ordninga for dåp har 3 hovuddelar: I Mottaking til dåp, II Dåpen, III Livet i dåpen.

### I Mottaking til dåp.

- **Innleing.** Dåpen kjem ved starten av gudstenesta. Presten innleier og seier kva dåpen inneber. Deretter syng vi dåpsalmen.
- **Skriftlesing.** Vi les frå Bibelen om korleis Jesus tek imot born og kva Guds ord seier om dåpen og trua. *Det er ønskjeleg at nokon i dåpsfølgjet les dei to skriftorda (markert med «ML/L» på side 1 og 2 i dåpliturgien). Dette vert avtala i dåpssamtalen.*
- **Truvedkjenningsa.** Etter skriftlesingane reiser heile kyrkjelyden seg og står saman med dåpsfølgjet, medan alle seier fram forsakinga og truvedkjenningsa.

### II Dåpen

- **Fram til døypefonten.** Etter at dåpsvatnet er slege i døypefonten ber presten ei bøn. Deretter ber han dåpsbarnet komme fram, saman med foreldre og fadrar. Evt. søsken og andre barn i dåpsfølgjet som familien ønskjer skal få del i opplevinga kan også takast med opp i koret. Ein står vend mot kyrkjerommet, slik at døypefonten vert synleg for kyrkjelyden. Den som ber barnet står nærest døypefonten. Dersom barnet har huve er det enklast om denne vert tatt av før ein går opp, evt. når ein er komen opp til døypefonten.
- **Spørsmålet ved døypefonten.** Foreldre og fadrar vert spurde om dei ønskjer at barnet skal bli døypt og oppsedast som kristen. *Den som ber barnet svarar "ja" på vegne av dei spurde.*
- **Dåphandlinga.** Barnet vert signa med krossmerket. Deretter gjev presten teikn til at den som ber barnet held det over døypefonten. Barnet vert så døypt ved at presten auser vatn over hovudet til barnet tre gongar, - i namnet åt Faderen, Sonen og Den

**Heilage Ande.** *Håret til barnet vert turka med ein klut, av presten eller eit barn i følgjet som dette er avtala med.* Presten legg så handa på hovudet til barnet og bed ei velsigningsbøn for det.

- **Presentasjon av den nydøypte.** Det nydøypte vert presentert som nytt kyrkjelydsmedlem ved at barnet vert halde opp for kyrkjelyden. *Presten eller den som ber barnet løftar det opp med andletet mot forsamlinga.* Dåpsfølgjet set seg så på plassane sine.

### **III Livet i dåpen.**

- **Dåpslyset.** Etter dåpen vert det tent eit lys for kvart dåpsbarn. Lyset/lysa står i ein stake og brenn til gudstenesta er slutt. *Hugs å ta dåpslyset dykkar (inkl. fot) med etter gudstenesta!*
- **Foreldre- og fadder-oppgåva.** Presten ber *foreldre og fadrar reise seg, slik at dei står ved plassane sine i benkane.* Presten seier så til dei kva som er oppgåva deira som støtte og hjelp for den døypte i livet som kristen.
- **Fader Vår.** *Vi ber saman den bøna Jesus har lært oss.*
- **Lovprising.** Dåpen vert avslutta med ei lovprising og evt. siste delen av dåpssalmen.

## **ETTER DÅPEN**

- **Dåpsattest.** Presten gjev dåpsattesten til ein i familien under eller etter dåpshandlinga.
- **Resten av gudstenesta.** Etter ei takk og lovprising for dåpen held gudstenesta fram etter den ordninga ein finn på liturgiarket. Ta del! Dersom det vert mykje barneuro, kan ein trekkje seg tilbake til dåpssakristiet, kyrkjelydssalen eller våpenhuset
- **Lysgloben.** Fleire av kyrkjene har ein lysglobe som står framfor der dåpsfølgjet sit. Her er de velkomne til å tenne lys, før og under gudstenesta, t.d. under takkofferet eller nattverdfeiringa.
- **Nattverden.** Det er nattverdfeiring ved dei fleste gudstenester. Når det er dåp vert nattverden delt ut i kordøra. Der får ein brødet som ein dyppar i vinen, før ein et det. Alle døypte som ønskjer å ta imot det nattverden gjev til tru og liv, er velkomne til å ta del i nattverdmåltidet. Born må gå saman med foreldre, fått forklart kva nattverden er og vere så store at dei skil mellom nattverden og anna mat. Dåp og nattverd høyrer saman!
- **Fotografering.** Etter gudstenesta er det er høve til å fotografere, også ved døypefonten evt. med prest. Under dåpshandlinga vil vi gjerne unngå fotografering. Dersom det vert fotografert må dette skje mest mogeleg diskret, d.v.s. sitjande i benken og utan bruk av blits/lys.

**VELKOMEN TIL EIN STOR DAG I KYRKJA!**